

KORT ORIENTERING OM PROSJEKTET "TALEMÅL HOS UNGDOM I BERGEN"

Prosjektet "Talemål hos ungdom i Bergen" (TUB) er finansiert av NAVF og drive ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Arbeidet kom i gang i 1977 og hadde som mål å undersøke utviklinga i bergensmålet og variasjonen i talemålet hos ungdommen.

Materialet - som er lydbandopptak av samtalar, i alt 68 timar og 15 minutt - blei samla inn i tidsrommet 1978-79. Hovudmaterialet er opptak med 92 ungdomsinformantar fødd i 1962-64. Ungdomsinformantane gikk i 8. og 9. kl. på ungdomsskolen da opptaka blei gjort. Dei kjem ifrå heile "Stor-Bergen" og er (nesten) likt fordelt på desse åtte bydelane: Bergen sentrum (dvs. innafor grensene for Bergen by ved reguleringa i 1877), Laksevåg, Fyllingsdalen, Fana sentrum (dvs. Nesttun-området), Ytre Fana (dvs. søre delen av tidligare Fana kommune), Indre Arna, Ytre Arna og Åsane. Det er like mange av kvart kjønn, og dei fordeler seg (nesten) likt på tre sosiale grupper. Kravet til informantane var at dei skulle ha budd i same bydelen heile livet, ha gått på barneskole i denne bydelen, og ha mor som var fødd og oppvaksen i det nåverande Bergen. Dei aller fleste tilfredsstilte desse krava.

For å kunne samanlikne yngre mål med den eldre bergensdialekten gjorde ein opptak med 12 informantar som var fødd i 1908-9 i Bergen sentrum, oppvaksne der og med foreldre fødd og oppvaksne der.

Inndelinga i sosialgrupper (sosioøkonomiske grupper) er gjort etter yrket til faren for ungdomsinformantane, etter yrket til mannen for dei eldre gifte kvinnene og etter eige yrke for dei hine eldre informantane. Inndelingsmåten bygger på Kari Skredes modell i Sosioøkonomisk klassifisering av yrker i Norge.

Det fins tre typar opptak med informantane:

1) Samtaleopptak der to informantar snakka saman med ein prosjektmedarbeidar som leiar. Dei to informantane var frå same bydel og sosialgruppe, men av forskjellig kjønn. Samtaleemnet var for dei unge i hovudsak kinofilmar, fjernsynsprogram og skolen, for dei eldre minne frå barndoms- og ungdomsåra. Opptaksleiaren snakka nordfjorddialekt.

2) Fellesopptak der kvar informant las ein tekst, svarte på spørsmål om ordformer og språkholdningar.

3) Gruppeopptak der fire informantar snakka saman. (På noen av opptaka er det bare tre informantar.) På ti opptak var informantane sett saman frå to bydelar, men frå same sosialgruppe, og på seks andre opptak sett saman frå to sosialgrupper, men frå same bydel. På fire av dei ti opptaka var informantane av same kjønn, elles var gutar og jenter fordelt likt.

I gruppeopptaka skulle informantane spele passasjerar på reise med toget til Voss. a) I 25 minutt var bare dei fire informantane i "kupéen", b) deretter kom ein "formaliserande person" inn. Dei første 3-5 minutta var denne personen passiv, c) etter ei stund begynte han å styre samtalen. Denne siste delen varte om lag 20 minutt. Gruppeopptaka kan på denne måten delas inn i tre ulike situasjonar. Den "formaliserande personen" var bergensar som snakka "høgare talemål". Han var ukjent for informantane.

Dei eldre var med bare på samtaleopptak og fellesopptak, og det same gjaldt 31 ungdomsinformantar.

Ein stor del av materialet (delar av samtaleopptaka og heile gruppeopptaka) er transkribert (etter eit eige transkripsjonssystem, som stort sett er fonemisk) og deretter dataført. Med EDB-program har vi så kunna plukke ut belegg på dei språklige variablane. For informantar som ikkje var med på gruppeopptaka, er det ekserpert direkte frå lydband i resten av samtaleopptaka. Den statistiske behandlinga av materialet er gjort datamaskinelt ved hjelp av SPSS-pakken.

Denne korte orienteringa om prosjektet er meint bare som bakgrunn for artiklane vi trykker i dette heftet. Ei grundigare orientering og vurdering av prosjektet vil vi trykke etter at prosjektet er avslutta.

I dette heftet presenterer vi noen delundersøkingar i TUB-materialet. I artiklane er TUB-lydskrifta overført til IPA-lydskrift, men med desse avvika og tilleggga:

- " - tonem 2
- ^ - segmentet føre er svakt
- / - kort pause
- // - lengre pause
- (-) - posisjon for replikk frå ein annen samtale-deltakar.

Parentesar etter transkriberte eksempel er referansar til materialet, f.eks. (078C). Tala er informantnummer, bokstaven viser til situasjon.

Sosiolingvistiske variablar er skrivne i parentes med store bokstavar, variantar står innom apostrofar. Noen vanlige forkortingar som er brukt i dei tre artiklane:

- sosgr. - sosialgruppe
- A - gruppeopptak utan "formaliserande person"
- B - gruppeopptak med "formaliserande person", men utan styring
- C - gruppeopptak med "formaliserande person" og med styring
- S - samtaleopptak
- X - materiale ekserpert direkte frå band, av samtaleopptaka
- K - kvinner/jenter
- M - menn/gutar
- BS - Bergen sentrum (dvs. Bergen innafor grensene etter revisjonen i 1877)
- LA - Laksevåg
- FD - Fyllingsdalen
- FS - Fana sentrum (dvs. Nesttun-området)

- FY - Ytre Fana (dvs. Ytrebygda - Stend)
- IA - Indre Arna
- YA - Ytre Arna
- AS - Åsane